



FATTIGDOM: Sysselsetting for alle er ingen selvfølge i det nye USA.  
Foto: Bjørn Laastad

# Selvbilde under press

Amerikansk selvforståelse er i utakt med synet til resten av verden.

■ TEKST: KIM E. ANDREASSEN

Ny teknologi og globalisert økonomi gjør at amerikanerne blir nødt til å se utover og tenke relasjonelt, tror professor i amerikansk litteratur, Paul Giles ved University of Oxford.

– Den største utfordringen USA står overfor i dette århundret vil være å tenke og konkurrere globalt. Ved at globaliseringen sprer seg, vil det å skaffe jobber til amerikanere bli en viktig satsing.

## Alternative selvbilder

Giles foreleste nylig på UiB med innlegget «The Global Remapping of American Culture» under konferansen «Atlantic Connections: Europe and Aspects of the Americas». Ved hjelp av historiske og fiktive kart av USA, utfordret han det amerikanske og vestlige synet på landet. Metoden han presenterte gjorde at det kjente ved USA ble fremmed på samme måte som en kan tenke seg at en ikke-vestlig person vil se nasjonen på.

I følge Giles er det på tide for amerikanere å ta inn over seg at de er en del av en globalisert verden, og at det finnes alternative måter å forstå seg selv på.

## Sliter med isolasjon

Et av problemene USA sliter med og kommer til å slite med fremover er isolasjon og proteksjonisme i en stadig mer globalisert verden, i følge Giles.

– Hvis USA skal operere på det frie markedet fremover, må de gi opp proteksjonismen. Amerikanerne må også tilpasse seg en lavere levestandard fremover enn det de er vant til, for å overleve på det globale scenen.

Giles mener at utfordringene knyttet til proteksjonisme i det frie globale markedet, i altfor liten grad ble belyst i den amerikanske presidentvalgkampen.

– Obama har snakket mye om å sikre jobb til amerikanere. Det er selvfølgelig dette velgerne vil høre. Men det viktigste er kanskje ikke

om han klarer å gjøre det. Det store spørsmålet er heller om det frie globale markedet tillater denne typen proteksjonisme. McCain har vært mindre proteksjonistisk, og var kanskje mer realistisk enn Obama på dette området i valgkampen. ■



GLOBALT SYN: Paul Giles gikk nylig av som president i International American Studies Association, som har et internasjonalt blikk på amerikanske studier.  
Foto: Kim E. Andreassen



TEMA  
USA

# Vitska

Bush-administrasjonen kontrollerte, endra og feilframstilte vitskapen for å tilpassa den til deira eigne politiske mål. Den neste administrasjonen vil truleg fungere heilt motsett, ifølgje professor David Battisti ved Universitetet i Washington.

■ TEKST: KJERSTIN GJENGEDAL

Sjølv om norske forskarar ofte meiner at vegen til politisk påverknad er lang, har dei så langt ikkje teke rettssystemet i bruk for å bli høyrde av styresmaktene. I USA ser forskarane fram til dagen då regjeringa igjen vil lytte til vitskaplege argument.

I 2003 saksøkte staten Massachusetts det amerikanske forureiningstilsynet, Environmental Protection Agency (EPA). Grunnen til søksmålet var at EPA, som ligg direkte under den føderale regjeringa, hadde erklært at det ikkje var deira ansvar å regulere CO<sub>2</sub>-utslepp frå biltrafikk. Fleire andre statar vart med på søksmålet, der dei hevda at lova om rein luft (Clean Air Act) på EPA ansvar for å regulere slike utslepp.

Professor David Battisti, som også er professor II ved Universitetet i Bergen, vart involvert i saka etter den første runden i rettssystemet. Retten støtta då EPA i at slike reguleringar ikkje var deira ansvar.

## Politisk klimadom

– Dette bygde dei på ein vitskapleg rapport frå The National Academy of Science, som rett nok nemnde uvissa i klimaprognozane, men som likevel konkluderte med at CO<sub>2</sub>-utslepp medverkar til globale klimaendringar med negative konsekvensar for menneske. Likevel



# pen vil ta plass

MÅ TA ANSVAR: Då forureiningstilsynet EPA ikkje ville ta ansvar for å regulere CO<sub>2</sub>-utslepp frå biltrafikken, svara fleire amerikanske statar med å saksøke dei.

Foto: Bjørn Laastad

hevda fleirtalet av dommarane i avgjerdar si at det ikkje var grunnlag for å seie at menneskeskapte CO<sub>2</sub>-utslepp kan knytast til klimaendringar. Denne avgjerdar bygde på ei total feilframstilling av det vitskaplege faktamaterialet, så det kan ikkje vere tvil om at dommarane må ha hatt ein politisk agenda, meiner Battisti.

Saka vart anka til amerikansk høgsterett, og saman med to andre forskrarar påtok Battisti seg å skrive eit notat til retten om det vitskaplege grunnlaget for saka.

– Eg engasjerte meg fordi eg ønskte at det vitskaplege materialet skulle få ei korrekt framstilling, ikkje fordi eg nødvendigvis meiner at EPA er dei som er best eigna til å regulere CO<sub>2</sub>-utslepp. Eg trur desse utsleppa kunne vore regulert betre på andre måtar. Men det var viktig for oss å få fram at vitskapen var blitt feilframstilt i den tidlegare rettssaka, fortel han.

## Ideologi blir politikk

I april 2007 avgjorde høgsterett at CO<sub>2</sub>-utslepp likevel skulle rekna som luftforureining, og dermed regulerast av EPA. Retten kom til at koplinga mellom CO<sub>2</sub>-utslepp og klimaendringar, med dei negative effektane slike endringar vil få for menneske, var veldokumentert. No er altså ballen spelt tilbake til styresmaktene, men Battisti reknar ikkje med at EPA vil gå ut med noko nytt standpunkt før den nye presidenten er på plass. Han viser til at Bush-administrasjonen heile tida konsekvent har lete ideologi styre politikken.

– Dei siste åtte åra har alle nyttilsettingar i leiinga for statlege organ, som EPA og NASA, vore politiske tilsettingar. Det har hindra desse organa i å uttrykke meininger som kjem i konflikt med styresmaktene sine meininger, og på den måten har

styresmaktene effektivt sensurert dei statlege organa og tilsyna.

## Sensurerer vitskapen

Ifølgje Battisti finst det også døme på at individuelle forskrarar som har prøvd å ta til motmåle mot styresmaktene si feilframstilling av vitskap, er blitt saksøkte eller på andre måtar pressa til å teie. I andre tilfelle er vitskaplege rapportar blitt endra eller sensurerte av styresmaktene, eller styresmaktene har bevisst late vere å be om vitskaplege utgreiingar, for å unngå å få informasjon som kunne stride mot deira politiske program. Til saman har dette vedvarande presset mot vitskapen ført til at mange gode forskrarar i nasjonale vitskaplege organ har fått nok av å kjempe mot systemet, og heller har teke seg andre jobbar.

– Det er klart at Bush-administrasjonen har hatt ein verdibasert politisk agenda, og dei har ikkje vore interesserte i å la vitskapen forstyrre kursen dei har staka seg ut. Mange forskrarar har valt å berre halde på med sitt og publisere forskinga si stille og roleg gjennom vitskaplege kanalar medan dei venta på at det politiske klimaet skulle endre seg. Vi veit at vitskaplege fakta ikkje let seg undertrykke for alltid. Problemset med klimaforsking er jo at vi har veldig lite tid til å handle. Å berre sette seg ned og vente, er problematisk.

## Ventar på endring

Battisti vonar at denne haldninga til vitskapen vil endre seg når Barack Obama tek over som president, og peikar på at Obama konsekvent har gjeve uttrykk for at han vil bruke vitskap som grunnlag for politiske avgjerder.

– Vår oppgåve som forskrarar er å medverke til ein informert politisk debatt.

Vi er sjølv sagt ikkje dei einaste som deltek i debatten, men vi bør vere representerte rundt bordet. Vi må fortelje kvar forskinga står, og kva verknader politiske tiltak vil kunne få. Dette er ein jobb vi ikkje er blitt bedne om å gjøre dei siste åtte åra. Men vi er mange som no er ivrige til å ta fatt. ■

## FAKTA

UiB/Bjerknessenteret har eit tett samarbeid med University of Washington innan geofysiske fag. Dei to institusjonane arrangerte sommarskule på Finse i 2006.

Nye samarbeidsprosjekt mellom Bjerknessenteret, University of Washington og Massachusetts Institute of Technology er under utvikling med løyving frå Senter for internasjonalisering i utdanninga. Prosjekta dreier seg om ny måleteknologi for havforsking (UofW), og utvikling av havmodellar for fortidas klima (MIT).



OPTIMIST: Professor II ved UiB, David Battisti, forventar ei haldningsendring overfor vitskapen når den nye administrasjonen tek til med sitt arbeid i Det kvite hus.